

Fra: Line Dybedal <linedybedal@gmail.com>

Sendt: 23.03.2023 10:26:17

Til: Nadine Gutte-Preusse <Nadine.Gutte-Preusse@fedje.kommune.no>

Emne: Re: DKSSkonsert v/Line Dybedal "Til havet"


Her er ein plakat dersom du treng. I feltet nede kan du føre på stad, dato og kl.slett :)

KONSERT MED LINE DYBEDAL
"Ved havet"



Med musikken som lerret og teksten som pensel, malar songar og låtskrivar Line Dybedal vakre, sterke og levande illustrasjonar. Denne gongen er det bygda og kysten, eller «heime», som vert skildra når ho slepp sitt kommande album «Armeria maritima», 21.april.

Line har vore lista både på P1 og P3 ei rekkje gongar, med låtar som "La oss vere to", "Stille" og "Et evig ønske". Artisten frå Selje skriv vare og nære tekstar som landar mjukt i eit drøymande visepop-landskap. Dette i kombinasjon med ei stemme som varmar hjartet vil ho og gitarist Mathias Marstrander skape ein stemningsfull konsert.



On Thu, Mar 2, 2023 at 2:37 PM Nadine Gutte-Preusse <Nadine.Gutte-Preusse@fedje.kommune.no> wrote:

Hei,

spørsmål er hvor dere kommer fra. Kommer dere fra Bergen, rekker dere frem og tilbake uten problemer. Må dere reise et stykke, vil jeg anbefale overnatting.

Med vennleg helsing

Pleie og omsorg

Nadine Gutte-Preusse

Pleie og omsorgsleiar – Fedje kommune

Tlf 56 16 51 00 | Direkte 56 16 51 42 |

Internett www.fedje.kommune.no



Me gjer merksam på at dette ikkje er ei privat e-postadresse; både innkomande og utgåande e-post vert vurdert for journalføring i kommunen sitt sak- og arkivsystem. E-postar med innhald knytt til konkrete saker under handsaming bør sendast til postmottak@fedje.kommune.no, gjerne med kopi til mi e-postadresse.

Fra: Line Dybedal <linedybedal@gmail.com>

Sendt: torsdag 2. mars 2023 14:09

Til: Nadine Gutte-Preusse <Nadine.Gutte-Preusse@fedje.kommune.no>

Emne: Re: DKSSkonsert v/Line Dybedak "Til havet"

Så bra! Det passar kjempefint. Kjem vi oss ut med ferge samme dag eller bør vi overnatte på Fedje?

On Thu, Mar 2, 2023 at 1:40 PM Nadine Gutte-Preusse <Nadine.Gutte-Preusse@fedje.kommune.no> wrote:

Hei,

vi har faktisk lyst å bruke ditt tilbud. Vi kunne tenkt oss konsert 2.mai på formiddagen. Hva tenker du?

Med vennleg helsing

Pleie og omsorg

Nadine Gutte-Preusse

Pleie og omsorgsleiar – Fedje kommune

Tlf 56 16 51 00 | Direkte 56 16 51 42 |

Internett www.fedje.kommune.no



Me gjer merksam på at dette ikkje er ei privat e-postadresse; både innkomande og utgåande e-post vert vurdert for journalføring i kommunen sitt sak- og arkivsystem. E-postar med innhald knytt til konkrete saker under handsaming bør sendast til postmottak@fedje.kommune.no, gjerne med kopi til mi e-postadresse.

Fra: Line Dybedal <linedybedal@gmail.com>

Sendt: tirsdag 21. februar 2023 19:05

Til: Nadine Gutte-Preusse <Nadine.Gutte-Preusse@fedje.kommune.no>

Emne: Re: DKSSkonsert v/Line Dybedak "Til havet"

Hei!

Har du fått sett noko på dette? :)

Sendt fra min iPhone

14. feb. 2023 kl. 11:49 skrev Line Dybedal <linedybedal@gmail.com>:

Viser til samtale ang potensiell DKSS-konsert.

Mathias Marstrander (gitarist) og eg, Line Dybedal, har samarbeida tett saman i fleire år, og ynskjer å halde konsert basert på tema og låtar frå det komande albumet mitt "Armeria Maritime" (som er latin og betyr strandnellik). Albumet handlar om havet, kysten og bygdene, der ingen skulle tru at nokon kunne bu. I tillegg vil vi vise bilete/film frå kysten på lerret. Vi ynskjer å halde ein 45 minutters konsert, og har alt av utstyr og lyd/lys sjølve.

Litt om meg og det nye albumet:

Musikken til Dybedal er i sjanger pop/visepop/elektropop og tekstane om dei nære tinga og om naturen.

Dybedal sitt kommande album handlar i stor grad om havet, men også om bygda og folka ho er glad i.

I løpet av låtskrivingsperioden oppdaga Dybedal faktisk KOR viktig HAVET er for henne.

Ho er "vakse opp" i både store og små båtar, på kaia på heimstaden, som ein del av fiske og havbruk

eller i sjøen sommarstid iført våtdrakt og svømmeføter. Då Dybedal skulle ta utdanning etter ungdomsskulen

stod det mellom musikklinja og naturbruk der fiskaryrket var draumen.

På dette albumet har Line kombinert desse to lidenskapane; musikk og kjærleiken til havet.

Dybedal vil med denne plata snakke opp bygda og freden som kan finnast ute ved havet.

I desse dagar med fråflytting av bygdene og sentralisering av viktige funksjonar i samfunnet vil dette vere

ein del av dra-kampen og heiaropet til bygda. I motsetning til dei aller fleste andre artistar,

har Line flytta FRÅ byen for å drive med musikk.

De kan finne musikken min på Spotify. Eg kan spesielt anbefale dykk å høyre låta "På ei øy" som eg tenkjer passar veldig godt ute hos dykk.

<ab6761610000e5ebaaed4e1b6c0d16dd59ec0788.jpeg>

Line Dybedal
open.spotify.com

Satsane vi brukar er Creo sine; pris per konsert for to musikarar: ca 10.000,-
<https://creokultur.no/lonn-og-arbeidsvilkar/frilanssatser/>

Vi må også ha dekkja noko reise og losji. Dette vert som eit «spleiselag» mellom fleire kommunar og noko vi kan verte einige om.

Dato (i fyrste omgang) som kan passe fint for oss er 1. og 2.mai. Det finnast også andre passande datoar i mai-juni og evt seinare på året.

Det hadde vore veldig kjekt å fått dette til. Vi var på Fedje før jul med ei familieforestilling på biblioteket. Vi vart raskt glade i Fedje! :)
Høyrer frå deg :)